

# Vokativar i norsk<sup>1</sup>

Marit Julien

Vokativfrasar, her definerte som (nominal)frasar som refererer til adressaten for ei ytring utan å vera eit syntaktisk argument i ytringa, kan ha identifiserande eller predikerande funksjon eller markere eit trekk i samtalens. Vokativane kan vera frittståande frasar eller integrerte i ei setning, der dei i norsk blant anna kan stå i ein øymerkt posisjon i venstreperiferien.

Ein norsk vokativfrase har oftast eit substantiv eller pronomen som kjerne, men kan elles variere ein heil del når det gjeld forma. Variasjonen blir likevel avgrensa av det vokative hovudet, som er det høgste i den vokative frasen. Dette hovudet har eit deiktisk andrepersonstrekk, og andre element i vokativfrasen må vera kompatible med dette. Ein konsekvens er at adjektiv i vokativfrasen må ha bestemt form, som i vokativtypen *unge dame*.

Ein annan særmerkt vokativtype i norsk er den eg kallar possessiv predikasjonell vokativ, som *din fjott*. Eg hevdar at denne inneholder eit pronominelt subjekt og eit nominalt predikat med ubestemt artikkel, og at forma på frasen følgjer av dette.

## 1 Innleiing

Den grammatiske kategorien *vokativ* har tradisjonelt vorte oppfatta som ein kasus, som i den følgjande definisjonen frå Nynorskordboka: “vokativ (lat (*casus*) *vocativus* av *vocare* ‘kalle, rope på’) i visse språk: kasus for person som ein vender seg til”. I (1) ser vi eit latinsk eksempel der denne kasusforma er brukt (frå Schaden 2010:177):

- (1) *Tu quoque, Brute, fili mi?*  
 du òg Brutus.voc son.voc min.voc  
 ’Du òg, Brutus, min son?’

Vokativbøyingsa i latin går attende til det indoeuropeiske urspråket (sjå t.d. Lehmann 1958). Vokativ kasus er framleis bevart i visse av dei indoeuropeiske språka, blant anna i litauisk (Ambrasz m.fl. 1997), i fleire slaviske

språk, som polsk, tsjekkisk og ukrainsk (Daniel & Spencer 2008:627), samt i rumensk (Osenova & Sinov 2003, Hill 2007). Russisk har mista den gamle slaviske vokativen, men held på å skaffe seg ein ny (Yadroff 1996, Andersen 2012).<sup>2</sup>

Kva så med språk som ikkje har ei slik kasusform? Ein del språk, som italiensk, kan markere vokativ med partiklar (sjå t.d. Daniel & Spencer 2008:630–631, Moro 2003). Andre språk har inga morfologisk markering som er reservert for vokativ, men det er klart at slike språk likevel har tilta-leformer – sjå t.d. Busse (2006). Det er derfor på sin plass å slå fast at vokativ primært er ein syntaktisk funksjon som nominalfrasar kan ha, og at den spesielle kasusmarkeringa som ein finn på slike frasar i visse språk, er eit sekundært fenomen. Vi bør altså skilje på frasar med vokativ funksjon på den eine sida og vokativ kasus på den andre, på same vis som vi skil mellom subjektet som grammatisk funksjon og subjektskasus, nominativ, som morfologisk kategori. Eg vil her derfor definere ein vokativ, eller vokativfrase, som eit nominalt element som refererer til adressaten for ei yttring, utan å vera eit syntaktisk argument i ytringa (sjå t.d. Zwicky 1974, Moro 2001, Schaden 2010). Med denne definisjonen på plass kan vi seia med Hill (2007) at alle språk har vokativfrasar, sjølv om ikkje alle har nokon vokativ kasus.

Når det gjeld norsk, kan vi først notere at Faarlund, Lie & Vannebo (1997:963) registrerer at også norsk har vokativar. Dei behandler rett nok vokativane heilt kort, og nøyser seg med å nemne at visse frittståande nominalfrasar (eller *setningsfragment*, som dei kallar desse) kan ha vokativ funksjon.

Teleman, Hellberg & Andersson (1999, b. 4:791–806) har derimot ein lengre gjennomgang av vokativfrasar i svensk, og viser at desse kan vera av varierande form og ha ulike funksjonar. Denne gjennomgangen er òg relevant for norsk. Vi kjem inn på detaljane seinare, men det skal nemnast allereie her at både norsk og svensk har to typar av vokativfrasar som er spesielt interessante frå eit grammatisk synspunkt. For det første er det frasar med adjektiv i bestemt form, som *unge dame* i (2), og for det andre er det possessive predikasjonelle vokativar, som *din idiot* i (3).

- (2) *Dessverre, unge dame, den kan du ikkje kjøpe.*
- (3) *Nå betaler du prisen, din idiot.*

Desse to typane, som berre kan ha vokativ funksjon, og altså har grammatiske eigenskapar som skil dei frå nominalfrasar med argumentfunksjon, blir behandla i kvar sitt avsnitt lenger fram: *unge dame* i avsnitt 5 og *din idiot* i avsnitt 6. Den grammatiske analysen av desse får med andre ord relativt stor plass i denne artikkelen.

Men før vi kjem så langt, skal vi først, i avsnitt 2, sjå litt på dei ulike funksjonane som vokativfrasane kan ha. Avsnitt 3 handlar om vokativen sin posisjon i setninga i norsk, medan tema for avsnitt 4 er den indre strukturen til vokativfrasane. Deretter følgjer, som alt nemnd, ein diskusjon av typane *unge dame* og *din idiot* i avsnitta 5 og 6. I avsnitt 7 ser eg nærmare på samanheng mellom vokativ og bestemtheit, medan eit kort samandrag av artikkelen kjem i avsnitt 8.

## 2 Vokative funksjonar

Teleman, Hellberg & Andersson (1999, b. 4:801–806) seier at vokativfrasar kan fungere utpeikande, karakteriserande eller som samtaleregulerande signal. Som vi skal sjå, svarar denne inndelinga delvis, men ikkje heilt, til den tredelinga vi finn hos Schaden (2010), som skil mellom identifikasjonsvokativ, predikasjonell vokativ og aktiveringsvokativ.

Den utpeikande funksjonen er kanskje den ein helst forbind med vokativ. Ein utpeikande vokativ, eller identifikasjonsvokativ, som Schaden (2010) kallar denne typen, blir brukt til å identifisere ein eller fleire adressatar i ei mengd av potensielle adressatar, som i eksempla i (4). *Lisa* i (4a) plukkar ut *Lisa* som adressat blant alle dei som sit ved bordet, og på same vis har *du der* i (4b) som funksjon å plukke ut ein adressat i ei potensielt større mengd. I (4c) har vi så eit eksempel på ein identifikasjonsvokativ med fleire adressatar.

- (4) a. *Lisa, kan du sende saltet?*
- b. *Hei, du der!*
- c. *De med raude drakter, de skal stille opp her.*

Ser vi nå på frasen *kjære vener* i (5), så er det klart at denne er ein vokativfrase etter vår definisjon, men det er like klart at den ikkje har som funksjon å skilje mellom ei gruppe av vener og ei gruppe av uvener blant dei som er til stades. I staden rettar talaren seg med denne vokativen til alle tilhøyrarane, og karakteriserer dei alle saman som vener. Vi har her ein karakteri-

serande (Teleman, Hellberg & Andersson 1999) eller predikasjonell (Schaden 2010) vokativ, som tilskriv ein eigenskap til ei gruppe av adressatar som allereie er konstituert. Det same gjeld for frasen *helvetes idiotar* i (6).

- (5) *Velkommen, kjære vener, til denne jubileumsmarkeringa av distriktpolitikken!*
- (6) *Helvetes idiotar, nå må de slutte å lage ei stor sak ut av dette.*

Vi merkar oss dessutan at *helvetes idiotar* har sterk negativ lading. Schaden (2010) observerer at vokativar som har sterk (positiv eller negativ) lading er dårleg eigna som identifikasjonsvokativ. For at ein vokativ skal kunna brukast til å skilje ut ein eller fleire tiltenkte adressatar frå ei større mengd, må innhaldet i vokativen stemme med adressaten si sjølvoppfatning, og dette gjer den best om den ikkje er sterkt lada. Frasar som *kjære vener* og *helvetes idiotar*, brukte som vokativar, er derfor snarare av den predikasjonelle typen.

Teleman, Hellberg & Andersson (1999, b. 4:803) noterer òg at karakteriserande vokativar, som dei altså kallar det, ofte uttrykker talaren si positive eller negative innstilling til adressaten, som i (5) og (6). I tillegg nemner dei to andre funksjonar som dei reknar til dei karakteriserande vokativane. Vokativar kan brukast til å tillegge adressaten ei rolle, som i (7), eller til å bekrefte adressaten sin status eller relasjonen mellom talar og adressat, som i (8).<sup>3</sup>

- (7) *Skattebetalarar!*
- (8) *Gratulerer med dagen, jenta mi!*

Den funksjonen vi ser i (8), er til forveksling lik den som Schaden (2010) kallar aktiveringsvokativ. Ein slik vokativ verken identifiserer adressaten eller predikerer noko om denne, for den blir brukt i situasjonar der det allearie er klart kven som er adressaten, og der den eigenskapen som adressaten blir tillagt, er kjend frå før. Schaden sjølv nemner (den engelske versjonen av) Raudhette sin kjende replikk i (9) som eit eksempel:

- (9) *Men bestemor, så store øyre du har!*

Schaden reknar altså dette som den tredje hovudtypen av vokativ, medan for Teleman, Hellberg & Andersson (1999, b. 4:803) er slike vokativar ei undergruppe av dei karakteriserande vokativane.

Den tredje vokativtypen hos Teleman, Hellberg & Andersson (1999, b. 4:804–805) er i staden vokativar som har ein funksjon i samtaljen. Desse kan markere at ein vil ha ein tur i samtaljen, at ein vil behalde kontakten med tilhøyraren, eller at ein er i ferd med å seia noko som er uventa i samanhengen. Eit norsk eksempel på det siste er vist i (10).

- (10) *Bingo på onsdag. Jeg regner med at jeg vinner. Eller du, skal vi dele gevinsten?*

Dei klassifiseringane av vokativar som eg har presentert her, er ikkje dei første som er lagt fram i den språkvitskaplege litteraturen. Allereie Schegloff (1968) identifiserte to hovudfunksjonar som vokativar kunne ha. Den eine typen, som han kalla *terms of adress*, svarar nokolunde til utpeikande vokativar hos Teleman, Hellberg & Andersson (1999) og til identifikasjonsvokativ hos Schaden (2010). Den andre typen, kalla *summonsing*, er ein restkategori, som tilsvrar dei karakteriserande og dei samtaleregulerande vokativane hos Teleman, Hellberg & Andersson (1999), og dei predikasjonnelle vokativane og aktiveringsvokativane hos Schaden (2010).<sup>4</sup>

I dei følgjande avsnitta er det dei to kategoriene utpeikande eller identifiserande vokativ og karakteriserande eller predikasjonell vokativ som kjem til å få mest merksemd. Vi skal sjå at distinksjonen mellom desse to kategoriene har relevans for så vel den ytre som den indre syntaksen til norske vokativfrasar. Eg kjem til å bruke termane identifikasjonsvokativ og predikasjonell vokativ, som i Schaden (2010), men leseren kan gjerne ha i minne at Teleman, Hellberg & Andersson (1999) reknar med eit tilsvarande skilje.

### **3 Vokativen sin posisjon i setninga**

Når det gjeld spørsmålet om kva for posisjon vokativane har i setninga, vil eg først, i 3.1, presentere nokre observasjonar om norske vokativar av ulike typar. I 3.2 ser eg nærmare på tilhøvet mellom initiale vokativar og andre konstituentar som òg står i venstreperiferien. I 3.3 tar eg så for meg nokre forslag som gjeld syntaksen i venstreperiferien til setningar, og eg kjem fram til eit forslag som tar omsyn til alle dei konstituentane som kan opptrer i venstreperiferien i norsk, inklusive vokativar.

#### *3.1 Vokativposisjonar i norsk*

Eg vil begynne med identifikasjonsvokativar, altså vokativar som blir brukte

til å identifisere ein eller fleire adressatar i ei potensielt større mengd. Desse står som regel i byrjinga av ytringa, som i (11a) og (11b), eller så er dei frittståande, som i (11c):

- (11) a. *Lisa, kan du sende saltet?*
- b. *Hei du der ornitolog, eg lurer på om påfuglelegg er blå?*
- c. *Hallo Lisa!*

Som Teleman, Hellberg & Andersson (1999 b. 4:802) noterer, kan identifikasjonsvokativar unntaksvis stå sist i ytringa. Dette er ikkje så uvanleg i skulen – der ville ei ytring som (12) vera fullt tenkjeleg:

- (12) *Kva er skilnaden på sterke og svake verb – Lisa?*

Vokativar som markerer at ein vil ha ein samtaletur, står helst òg initialt, medan andre vokativar med samtaleregulerande funksjon, samt predikasjonnelle vokativar, kan plasserast friare. Dei kan stå i byrjinga av ytringa, dei kan stå finalt, eller dei kan stå medialt. I (13), der dette blir demonstrert med ein predikasjonell vokativ, ser vi i tillegg at det gjeld uansett om ytringa er deklarativ, interrogrativ eller imperativ, samt at vokativane ikkje nødvendigvis er koreferensielle med subjektet (ein observasjonan ein òg finn i Portner 2004 og Mauck & Zanuttini 2004).

- (13) a. *Kjære vener, det komande året skal me igjen vinne eit val.*
- b. *Kjære venner, hva har vi å tape på et ja?*
- c. *Kjære vene, bruk refleks!*
- d. *Og så kan det hende, kjære vene, at vi får ei uroleg natt.*
- e. *Så hvorfor, kjære venner, er det noe vits å fortsette?*
- f. *Hugs, kjære vene, at dette er berre demoen!*
- g. *Dette blir vår tredje konsert, kjære vene.*
- h. *Hvordan har helgen deres vært, kjære venner?*
- i. *Lev då vel, kjære vene!*

I (14) ser vi dessutan at plasseringa av vokativar medialt i setninga ikkje er heilt fri. Dette er likevel ikkje noko eg kjem til å gå nærmare inn på.

- (14) a. *Bestemor, her har eg ei korg med mat.*
- b. *Her, bestemor, har eg ei korg med mat.*

- c. \* *Her har; bestemor, eg ei korg med mat.*
- d. *Her har eg, bestemor; ei korg med mat.*
- e. *Her har eg ei korg med mat, bestemor.*

Det kan vidare nemnast at medan identifikasjonsvokativar kan vera frittståande frasar, så må vokativar med andre funksjonar ofte vera knytte prosodisk til ei setning – om dei da ikkje er plasserte inne i setninga. Dette er illustrert i (15), der vi ser to vokativar som fungerer dårlegare som prosodisk sjølvstendige frasar enn når dei er knytte til den føregående setninga.

- (15) a. *Her er ei korg med mat, bestemor!*
- b. *Her er ei korg med mat. # Bestemor!*
- c. *Dette blir vår tredje konsert, kjære vene!*
- d. *Dette blir vår tredje konsert. # Kjære vene!*

Om den vokative frasen derimot har eit ekspressivt innhald, slik at den nærmar seg eksklamasjonen, da kan den lettare vera prosodisk frittståande, som i eksempla i (16).

- (16) a. *Nå er det lenge sidan eg har sett deg. Store jente!*
- b. *Det er kanskje det fremste beviset på styrke. Din helvetes idiot!*

### *3.2 Vokativar i venstreperiferien*

Vi har nå sett at identifikasjonsvokativar normalt er å finna i den venstre periferien i setninga, som i (17), om dei da ikkje er frittståande.

- (17) a. *Hei du der, det er ikkje lov å ha beina på setet.*
- b. *Hei du der, har firern gått forbi her alt?*
- c. *Hei du der, kom hit med ein gong!*

Det er vidare klart at identifikasjonsvokativane ikkje treng vera absolutt initiale når dei står i venstreperiferien av ei setning. For det første kan konjunksjonar og visse partiklar stå framfor vokativen, som Teleman, Hellberg & Andersson (1999 b. 4:799) nemner. I (18) har vi to eksempel på dette.

- (18) a. *Ja men mamma, jeg ville bare låne den litt jo!*
- b. *Å du herliga Stavanger. For ein skjønne by du e'.*

For det andre kan tematiserte ledd stå framfor vokativen. Teleman, Hellberg & Andersson (1999 b. 4:800) observerer at vokativen kan stå etter initiale annekts, som dei kallar det. Med denne termen refererer dei til det som Faarlund (1980) kallar *diskursinnleiane setningsemne*, og som i Faarlund, Lie & Vannebo (1997) heiter *laust forfelt*, men som elles ofte blir kalla *hengande tema (hanging topic)*. Eit slikt tema er skilt frå sjølve setninga i intonasjonen, det må takast opp att av eit ledd som er ein del av setninga, men som ikkje behøver å stå initialt, og i tillegg, som Eide (2011) nemner, kan det ha ein responsartikkkel (*ja/nei*) etter seg. Dei syntaktiske eigenskapane som særmerker hengande tema i norsk er viste i (19):

- (19) a. *Den filmen, ja, den skulle eg gjerne ha sett.*
- b. *Den filmen, ja, eg skulle gjerne ha sett den.*
- b. *I England, nei, der har dei ikkje oppvarming i husa.*

Ein annan type av tema i venstreperiferien er den som Faarlund (1980) kallar *venstreutflytta tema*. Eit slikt tema er ikkje prosodisk skilt frå resten av setninga, og det kan ikkje følgjast av responsartiklar, men det kan takast opp att av ei dublerande proform, som da må stå umiddelbart etter temaet. Vi ser nokre eksempel i (20):

- (20) a. *Den filmen (den) skulle eg gjerne ha sett.*
- b. *I England (der) har dei ikkje oppvarming i husa.*
- c. *Hu mamma (hu) var reingjøringskone.*

Eit initialt tema som kan følgjast av ein responsartikkkel, er altså eit hengande tema, medan eit initialt tema som ikkje kan følgjast av ein responsartikkkel, må vera eit venstreutflytta tema. Vi kan dermed vise, som Eide (2011) gjer, at vi kan ha både hengande tema og venstreutflytta tema i innleiinga til ei og same setning, men da må det hengande temaet stå føre det venstreutflytta temaet, som i (21):

- (21) *Hu Kristin ja, HU (\*ja) hu er ikke så dum, hu.*

Eide (2011) viser dessutan at det er grunn til å anta at venstreutflytta tema i norsk er ovanfor Force, det syntaktiske hovudet som representerer illokusjonen, og at det dublerande elementet, som *den*, *der* og *hu* i (20), er realiseringa av eit Top-hovud som har det venstreutflytta temaet som spesifiserar.

Det vi så skal notere, er at etter ein vokativfrase kan vi ha eit venstreutflytta tema, men ikkje eit hengande tema. Ein vokativ etter eit hengande tema går derimot bra, og vi kan òg ha eit venstreutflytta tema etter ein slik vokativ.<sup>5</sup> Dessutan kan vi altså ha ein konjunksjon føre vokativen. Alt dette er demonstrert i (22):

- (22) a. *Men Lisa, den filmen, den skulle eg gjerne ha sett.*
- b. \* *Men Lisa, den filmen ja, den skulle eg gjerne ha sett.*
- c. *Den filmen ja, Lisa, den skulle eg gjerne ha sett.*
- d. *Den filmen ja, Lisa, den filmen den skulle eg gjerne ha sett.*

Vi kan vidare merke oss at framfor vokativen kan vi ha eit eksklamativt uttrykk, som i (23):

- (23) *Herregud, din uinformerte nisse, denne nyheten den har vi da hørt før.*

Ser vi så på rekkefølgja av eksklamative uttrykk og hengande tema, så er mi bedøming av dette at det går bra å ha eit eksklamativt uttrykk føre eit hengande tema, som i (24a), men set vi i staden eit hengande tema føre eit eksklamativt uttrykk, som i (24b), da vil eg oppfatte det slik at det hengande temaet er ein frittståande frase, og at ei ny setning startar med det eksklamative uttrykket.

- (24) a. *Herregud, den filmen ja, den er så forferdelig dårlig.*
- b. *Den filmen ja – herregud, den er så forferdelig dårlig.*


Dermed har vi kome fram til at rekkefølgja eksklamativ > hengande tema > vokativ > venstreutflytta tema er nokså fast i venstreperiferien i norske setningar.

### *3.3 Syntaktisk struktur i venstreperiferien*

Ei slik fast ordning av konstituentar i venstreperiferien som den vi kom fram til i avsnittet over, kan tolkast som ein indikasjon på at det finst øyremerkte posisjonar for eksklamativar, vokativar, og tema av ulike slag. Dette skal vi nå sjå nærmare på.

Som eg alt har nemnt, meiner Eide (2011) at venstreutflytta tema er spesifiserarar for eit Top-hovud som er lokalisiert ovanfor Force. Dette er skissert i (25).


(25)



Når det gjeld hengande tema, meiner ho at desse er utanfor den eigentlege setningsstrukturen. Spørsmålet er da korleis dette stemmer med den rekkefølgja vi kom fram til, med eksklamativar, hengande tema og vokativar føre venstreutflytta tema. Om hengande tema er utanfor sjølve setningsstrukturen, må eksklamativar også vera det. Det kan tenkast at dei er det, og at rekkefølgja eksklamativ > hengande tema blir framtvinga av semantikken.


Der er derimot fleire som har foreslått at det i venstreperiferien i setninga finst ein eigen syntaktisk projeksjon som er knytt til vokativ – sjå t.d. Moro (2001), Portner (2004), Mauck & Zanuttini (2004). Det mest interessante forslaget finn vi likevel i Hill (2007), ettersom ho behandlar både eksklamativar og vokativar. Hill meiner at eksklamativar er spesifiserarar for eit syntaktisk hovud som representerer talehendinga, og meir bestemt talaren sin synsvinkel, medan vokativar er spesifiserarar for eit hovud som representerer talehendinga frå adressaten sin synsvinkel. Dette er skissert i (26), der SA (for Speech Act) står for dei to hovuda som representerer talehendinga. Som vi ser, plasserer Hill både eksklamativar og vokativar ovanfor Force (etter Hill 2007:2099).<sup>6</sup>

(26)



Dette forslaget stemmer godt med det vi har kome fram til for norsk: eksklamativar kjem føre vokativar. Men skal vi utforme ein dekkande modell for venstreperiferien i norsk, må vi legge til posisjonar for hengande og venstreutflytta tema.

Den strukturen eg vil foreslå for venstreperiferien i norske setningar, blir derfor ein kombinasjon av forslaga i Hill (2007) og Eide (2011), med tillegg av ein posisjon for hengande tema. Forslaget er vist i (27). Eg reknar med at det øvste hovudet er knytt til talaren, og eg kallar dette  $SA_T$ . I spesifiserarplosisjonen for dette kan vi ha eksklamative uttrykk. Under dette har vi eit hovud eg kallar HT, for “hengande tema”, og som spesifiserar for dette har vi sjølv det hengande temaet. Deretter kjem eit hovud knytt til adresaten, og dette kaller eg  $SA_A$ .<sup>7</sup> I spesifiserarplosisjonen for dette kan vi ha vokative frasar. Enda lenger ned har vi eit Top-hovud. I spesifiserarplosisjonen for dette finn vi venstreutflytta tema, medan Top-hovudet sjølv kan realiseraast som ei dublerande proform. Alle desse posisjonane er høgare plasserte enn Force.



I den vokativposisjonen som er inkludert i (27), finn vi altså dei vokativane som står i venstreperiferien av setninga. Som vi har sett, er det først og fremst identifikasjonsvokativar som er bundne til denne posisjonen, når dei da ikkje er frittståande. Vokativar med andre funksjonar kan plasserast friare, og det er rimeleg å knyte dette til det faktum at dei ikkje blir brukte til å etablere ein deltarar i diskursen.

#### 4 Strukturen til vokativfrasane

Vi går nå over til å sjå på vokativfrasane sjølv. Utgangspunktet blir igjen Teleman, Hellberg & Andersson (1999), ettersom vi der finn den mest detaljerte gjennomgangen som er direkte relevant for norsk. I det følgjande er del 4.1 reint deskriptiv, og presenterer dei ulike formene som vokativfrasar kan ha i norsk, medan eg i 4.2 legg fram ein modell for vokativfrasane sin indre syntaks.

#### 4.1 Forma på norske vokativfrasar

Teleman, Hellberg & Andersson (1999 b. 4:792–799) listar opp mange ulike former som vokativfrasar kan ha i svensk. Felles for alle er at dei er nominalfrasar. Eg vil gå gjennom lista, og gi norske eksempel.

For det første kan pronomen for andre person, med eller utan bestemming, ha vokativ funksjon. Kombinasjonen av *du* og eigennamn blir òg rekna hit:

- (28) a. *Men du, hva med noen tanker om ting det snakkes om?*
- b. *Hallo du der. Du er kanskje på vei over fjellet med bil?*
- c. *Hei dere som leter etter flyttebyrå.*
- d. *Du skal få kyllingretten igjen, du Berit.*

Dessutan kan visse kvantorar opptre som kjerne i vokativfrasar (SAG reknar òg desse som pronomen):

- (29) a. *Se her; alle som ikke får bestemt seg!*
- b. *Vær så snill å hjelpe oss, noen!*

Eigennamn, eller ein kombinasjon av tittel og namn, er moglege vokativar, og det same er substantiv i ubestemt eller bestemt form:

- (30) a. *Kari, Kari, kva er det du driv på med?*
- b. *Men, professor Krem, nå må jeg gå og ta meg av noen problemer.*
  
- (31) a. *God dag sjef, hyggelig å møte deg.*
- b. *Hei damen! Sterkt å lese historien din.*

Ein annan type av vokativfrasar involverer eit adjektiv i bestemt form. Teleman, Hellberg & Andersson (1999 b. 4:797) nemner her adjektiva *snälla*, *kära*, *lilla*, *dumma*, *bästa*. Dei same adjektiva blir brukte i denne konstruksjonen i norsk, som vist i (32a–e). I tillegg vil eg nemne *unge*, som vi ser i eksempel (32f).

- (32) a. *Men snille deg – du kan da ikke ha det sånn.*
- b. *Det ser ikke lyst ut, kjære Dagbok.*
- c. *Neimen hallo lille vaffel. Har du gått deg bort?*

- d. *Lurer på hva hun prøver si meg her? "Dumme kjerring"?*
- e. *Derfor deler jeg min innsikt med deg, beste leser.*
- f. *Man dagdrømmer ikke i mine timer, unge dame.*

Ein spesiell vokativtype i fastlandsskandinavisk er den eg vil kalle possessiv predikasjonell vokativ. Den består av eit possessivt pronomen, eit substantiv, og eventuelt eitt eller fleire adjektiv, som i eksempla i (33).

- (33) a. *Nei , det er ulovlig, din jævla kapitalist!*  
 c. *Det tviler jeg sterkt på , din nysgjerrige lille snushane.*  
 b. *Det blir temmelig vanskelig skal du se, din jypling!!!*

Det som særmerker desse frasane er at det possessive pronomenet har den same referansen som substantivet. Dei er altså ikkje eigentleg possessive uttrykk, trass i forma. Vi skal sjå nærmare på dette i avsnitt 6.

Frasar som inneheld ein possessor med vanleg possessiv semantikk kan òg brukast vokativt. Eit eksempel er *min gode mann* i (34), der *min* har ein annan referanse enn *mann*.

- (34) *Deg er vi meir usikre på, min gode mann!*

Vi veit frå før at possessorkonstruksjonar kan uttrykke mange ulike relasjoner, og dermed ser eg ikkje noko problem med å rekne *min gode mann* som ein frase med ein grammatisk sett heilt ordinær possessor, og som her blir brukt vokativt.

Visse nominalfrasar, som for eksempel *bestemor* i (35), kan fungere som vokativ, som argument eller som predikativ. Samtidig er det ikkje vanskeleg å finna frasar med meir avgrensa funksjon. I (36) ser vi at *unge dame* fungerer bra som vokativ, men därleg som argument eller predikativ. Derimot kan *den unge dama* i (37) ikkje vera vokativ, men fungerer fint som argument. Frasen kan òg stå i predikativ posisjon, men gir da ei identitetstolking snarare enn verkeleg predikasjon.

- (35) a. *Men bestemor, så store øyre du har!*  
 b. *Bestemor har så store øyre.*  
 c. *Ho er bestemor.*

- (36) a. *Dessverre, unge dame, den kan du ikkje kjøpe.*

b. \* *Den kan unge dame ikkje kjøpe.*

c. \* *Ho er unge dame.*

- (37) a. \* *Dessverre, den unge dama, den kan du ikkje kjøpe.*

b. *Den kan den unge dama ikkje kjøpe.*

c. *Ho er den unge dama.*

Spørsmålet er da kva det er som gjer at visse nominalfrasar kan ha fleire funksjonar, medan andre ikkje kan det. Svaret ligg i den indre strukturen til frasane, og dette skal eg gjera greie for nedanfor. Eg kjem til å konsentrere meg om skilnaden mellom vokativar og argument, og held predikativ utanfor diskusjonen her.

#### 4.2 Den indre strukturen i vokativfrasar

Vi har alt notert at vokativar ofte ser ut som vanlege nominalfrasar, samtidig som det finst frasar som berre kan ha vokativ funksjon og altså ikkje kan fylle andre funksjonar som er vanlege for nominalfrasar. Ei mogleg forklaring ligg i den analysen som er lagt fram i Espinal (2011). Espinal meiner at den vokative frasen er ein DP som er utauka med ein vokativ projeksjon, som skissert i (38).<sup>8</sup>

- (38) [VocP Voc [ DP ]]

Ho antar vidare at det vokative hovudet har eit deiktisk trekk som viser til adressaten for ytringa, og som dermed har stor likskap med andrepersonspronomen. Den DP-en som er komplementet til Voc, må vera kompatibel med det deiktiske trekket i Voc.

Det følgjer av dette at andrepersonspronomen fungerer fint i vokativar, for det er ingen konflikt mellom desse og det deiktiske trekket i Voc. Mange andre pronomen, samt eigennamn og vanlege substantiv, kan òg fungere som vokativ, som vi har sett. I ein frase som *den unge dama*, med determinanten *den* føre adjektivet, får vi derimot ein konflikt mellom *den*, som er spesifisert som tredje person, og trekket i Voc, som er andre person. Dette er skissert i (39), der ein dessutan ser at eg antar at adjektivet er generert som spesifiserar i ein projeksjon, her kalla  $\alpha P$ , som tar ein projeksjon av substantivet som komplement. Projeksjonen av substantivet kallar eg nP (jf. Julien 2005). Over  $\alpha P$  har vi D, der determinanten er å finna, og over D kjem så Voc.

- (39) [VocP Voc [ DP [<sub>D</sub> *den*] [<sub>αP</sub> [AP *unge*] α [<sub>nP</sub> *dama*]]]]  
 [+2]                    [+3]

Den same effekten som vi her har observert med framforstilt determinant, ser vi òg ved preproprielle artiklar, altså dei determinantliknande framforstilte elementa som i mange skandinaviske dialektar opptrer saman med personnamn. I dei dialektane som har slike artiklar, er dei obligatoriske når personnamn blir brukte referensielt, altså som argument, som i (40a), men dei er ugrammatiske ved namn som blir nemnde, som i (40b), og i vokativar, som i (40c).

- (40) a. *Der er (\*ho) Lisa.*  
 b. *Ho heiter (\*ho) Lisa.*  
 c. *Hei (\*ho) Lisa!*

Den preproprielle artikkelen står i D og realiserer bestemtheit, person og numerus, som skissert i (41).

- (41) [DP [<sub>D</sub> *ho*] [<sub>nP</sub> *Lisa*]]

Når namn blir brukte vokativt, kan den preproprielle artikkelen ikkje vera med, ettersom den er spesifisert for tredje person. Derimot går det bra å kombinere eit namn med andrepersonspronomenet *du*, som antyda i (42a). Strukturen til vokativuttrykket (*du*) *Lisa* er vist i (42b).

- (42) a. *Hei (du) Lisa!*  
 b. [VocP Voc [DP [<sub>D</sub> *du*] [<sub>nP</sub> *Lisa*]]]

Det blir dermed mest eit definisjonsspørsmål om preproprielle artiklar førekjem i vokativ i skandinavisk. Delsing (1993:54) og Dahl (2010:101) seier begge at det ikkje er tilfelle, men om vi reknar *du* i (42) som vokativforma av *ho*, så har vi likevel ein prepropriell artikkel her.

Så må det nemnast at ein frase som *du Lisa* ikkje nødvendigvis har vokativ funksjon. Den kan òg vera eit argument, som i (43a). I dette tilfellet er det ingen vokativprojeksjon over DP, slik at strukturen er som vist i (43b).

- (43) a. *Skal du Lisa vera med på sirkus?*  
 b. [DP [<sub>D</sub> *du*] [<sub>nP</sub> *Lisa*]]

I lys av det ovanståande er det eit interessant faktum at substantiv som opptrer i vokativar, kan ha ubestemt eller bestemt form. Dette vart notert i 4.1, og vi ser det igjen i (44).

- (44) a. *Hei du dame, jeg liker din blogg.*
- b. *Hei du dama. Kan jeg få nettingstrømpene dine?*
- c. *Hei dama! Wow! 3. plass i kakekonkurransen.*

Dette må bety at den etterhengde artikkelen ikkje kan vera spesifisert for person, ettersom den er foreinleg både med vokativ, som krev andre person, og med *den*, som er tredje person. Det same ser vi av konstruksjonar som dei i (45), der den etterhengde artikkelen opptrer på eit substantiv som er underordna eit pronomen i første eller andre person:

- (45) a. *Vi ungane gledde oss i vekevis.*
- b. *Vanligvis føler jeg at dere skribentene her er noe vel rause.*

For å seia noko meir generelt om frasar som kan fungere både som vokativar og som argument, så er det altså slik at desse er DPar som kan fungere sjølvstendig, som argument, men som òg er kompatibel med ein høgare vokativprojeksjon. Andre vokativfrasar, som for eksempel *unge dame*, har ei form som berre er å finna i samband med vokativ. Desse skal vi sjå nærmare på i neste avsnitt.

## 5 Vokativtypane *unge dame* og *store jente*

Som vi alt har sett, i (36), er ein frase med forma *unge dame* heilt uakseptabel som argument. Det spesielle med *unge dame* er at vi har eit adjektiv med svak böying saman med eit substantiv utan markert bestemtheit. Vanlegvis ville svak böying på adjektivet vera ein refleks av andre bestemtheitsmarkørar, anten eit bestemtheitssuffiks på substantivet, ein bestemt framforstilt determinant, eller begge, som vist i (46):

- (46) a. *(den) unge dama*
- b. *den unge dame*

Om ingen annan bestemtheitsmarkør er til stades, får adjektivet sterkt form: *ung dame*. Ein argumentell DP kan ikkje realiserast som *unge dame*, for det

ville innebera ein konflikt mellom den morfologiske forma på adjektivet og fråværet av andre bestemtheitsmarkørar.

Ein analyse av svak adjektivbøyning som er interessant her, er lagt fram i Lohrmann (2011). Lohrmann meiner at den svake adjektivbøyninga i skandinavisk uttrykker ein eksistensiell presupposisjon. I dette bygger ho blant anna på Vangsnes (1999:83), som gir eksempla i (47). Den svake forma på adjektivet i (47a) indikerer at det finst umodne eple i den relevante eplemengda, medan den sterke forma i (47b) ikkje gir ei slik tolking. Svak form inneber altså ein eksistensiell presupposisjon.

- (47) a. *Legg hvert umodne eple i denne kassen.*
- b. *Legg hvert umoden eple i denne kassen.*

Ser vi så på vokativ, så er det nokså klart at bruken av vokative frasar er knytt til ein føresetnad om at adressaten eksisterer. Formelt kan ein seia at dette ligg i det deiktiske trekket i det vokative hovudet som Espinal (2011) postulerer. Følgjeleg krev vokativhovudet at adjektiv i komplementet må ha svak form, sjølv når det ikkje er andre definite element til stades. Vokativ kan altså sjåast som ein variant av bestemtheit, og former som er uforeinlege med bestemtheit, kan ikkje opptre i vokative frasar.<sup>9</sup> Strukturen til vokativfrasen *unge dame* kan dermed skisserast som i (48).

- (48) [VocP Voc [DP D [<sub>αP</sub> [AP *unge*] α [<sub>nP</sub> *dame*]]]]
- [DEIC] [DEF]

Vi kan vidare notere at om eit *du* blir lagt til, så kan frasen *du unge dame* brukast som vokativ, som i (49a), eller som argument, som i (49b).

- (49) a. *Dessverre, du unge dame, den kan du ikkje kjøpe.*
- b. *Den kan du unge dame ikkje kjøpe.*

Etter det vi har sagt ovafor, er skilnaden mellom desse at i argumentet i (49b) står *du* i D, og det er ingen vokativprojeksjon over DP, medan i (49a) er det ein vokativprojeksjon over DP. I begge tilfella får adjektivet svak form, ettersom *du* har eit definit trekk.

Ein konstruksjon som er beslektat med *unge dame*, er den vi ser i (50), *store jente*. Den formelle skilnaden mellom desse to er at substantivet er ubestemt i *unge dame* men bestemt i *store jente*.

(50) *Veit du ikkje det, store jenta!*

Ein annan skilnad mellom vokativtypen *unge dame* og vokativtypen *store jenta* er at medan *unge dame* kan brukast som identifikasjonsvokativ, så er *store jenta* ikkje så eigna i denne funksjonen, noko som er illustrert i (51). I staden har *store jenta* helst predikasjonell funksjon, som i (50).

- (51) a. *Hallo unge dame, veit du kvar Elvegata er?*  
 b. # *Hallo store jenta, veit du kvar Elvegata er?*

Vi skal så notere at nominalfrasar som *store jenta*, med eit svakt bøygd adjektiv og eit definitt substantiv, men utan framforstilt determinant, òg kan ha andre syntaktiske funksjonar enn den vokative. Dei kan vera argument eller ha andre referensielle funksjonar, som i (52), såframt kombinasjonen av adjektiv og substantiv har unik referanse (sjå Julien 2005:33), eller vera predikative/depiktive, som i (53) (sjå Lundeby 1981):

- (52) a. *Men lepsene var gode, og kaffien hadde rette smaken.*  
 b. *Ho spring galne vegen.*  
 c. *Ho er leiar i Hordaland Bondekvinnelag på sjette året.*  
 d. *På Tverrpolitisk valliste står særleg folk frå søre delen av kommunen.*
- (53) a. *Det var blågråe kveldinga, utpå seinhausten.*  
 b. *Han hadde slengt trøya over aksla, endå det var svale dagen.*

Frasar med denne forma er altså ikkje eintydig vokative. Det vil seia at dei kan opptrer utan at det er eit vokativt hovud til stades i strukturen, medan typen *unge dame* er heilt avhengig av eit slikt hovud.<sup>10</sup>

## 6 Possessive predikasjonelle vokativar

Vi går nå over til å sjå på den vokativtypen eg vil kalle possessiv predikasjonell vokativ. Som nemnt i 4.1 er det spesielle med desse frasane at dei innehold eit possessivt pronomen som er koreferensielt med det nominale hovudet. Vokativen *din vesle fjott* i (54a) er eit eksempel på denne typen, som er vanleg i norsk og i svensk, dansk og færøysk.<sup>11</sup> I (54b) ser vi at re-

sultatet blir ugrammatisk om vi prøver å setta denne frasen i ein argumentposisjon. Frasetypen er altså reint vokativ.

- (54) a. *Nå roar du deg ned, din vesle fjott!*  
 b. \* *Din vesle fjott roar deg/seg ned.*

Som termen *possessiv predikasjonell vokativ* uttrykker, blir slike frasar helst brukte som predikasjonelle vokativar. I dei neste avsnitta skal eg først, i 6.1, sjå på nokre fleire eigenskapar som karakteriserer desse vokativane. I 6.2 kjem eg med eit forslag til analyse, og deretter, i 6.3, ser eg på hovudtrekka i den analysen som vart lagt fram i Corver (2008) og samanliknar den med min analyse.

### 6.1 Eigenskapar ved possessive predikasjonelle vokativar

Ein påfallande eigenskap ved possessive predikasjonelle vokativar er at dei alltid har positiv eller negativ lading. Medan *din vesle fjott*, som var brukt i (54), har negativ lading, har vi i (55) eit eksempel med positiv lading:

- (55) *Casper, din vesle luring, så flott du er i den nye genseran!*

I desse eksempla ser ladinga ut til å vera ein konsekvens av at substantivet har sterkt lading. I lys av dette er det slåande at substantiv utan ibuande lading òg kan oppstre i denne konstruksjonen, og da får uttrykket likevel ei merkbar lading. For eksempel kan ein tenke seg (56) brukt nedsettande om ein person som i irriterande grad fokuserer på språkleg form til fortrengsel for innhald:

- (56) *Din lingvist!*

Det ser altså ut til at konstruksjonen i seg sjølv ber med seg ei vurderande lading.

Corver (2008), som diskuterer denne og liknande konstruksjonar, bruker termen “evaluative vocative”, og han seier at substantivet i slike vokativar har ei forsterkande (“intensifying”) tyding og som regel er semantisk relatert til ein grad eller skala. Men han peikar vidare på at ikkje-skalare substantiv likevel kan brukast i konstruksjonen, og at desse får ei stereotypisk tolking, om da ikkje konstruksjonen inneheld eit graderbart adjektiv som knyter uttrykket til ein skala. Dette stemmer godt med dei norske eksempla vi har

sett her. *Fjott* og *luring* er skalare substantiv og kan utan vidare brukast i possessiv predikasjonell vokativ. *Lingvist* er normalt ikkje skalart, og får ei stereotypisk tolking når det opptrer i denne konstruksjonen. I (57) har vi så eit eksempel der eit adjektiv gir frasen den skalare tolkinga:

- (57) *Eg har ikkje gjort deg en drit, din dustete hest!*

Det neste vi kan observere når det gjeld desse frasane, er at det ikkje er vanlege possessive pronomene vi finn her. For det første er frasane fullt gangbare òg i dei norske dialektane som elles ikkje har trykklette og ikkje-kontrastive prenominale possessive pronomene. Det vanlege mønsteret i norske talemål er jo som vist i (58)–(59): Ein ikkje-kontrastiv possessor må vera postnominal, medan ein kontrastert possessor kan vera pre- eller postnominal.

- (58) a. *Her er eit bilde av sykkelen din.*  
 b. \* *Her er eit bilde av din sykkel.*

- (59) a. *Det der er jo sykkelen DIN, ikkje MIN.*  
 b. *Det der er jo DIN sykkel, ikkje MIN.*

Det possessive pronomenet i possessive predikasjonelle vokativar som *din fjott* er verken kontrastivt eller trykktungt, og i dette skil det seg klart frå ordinaære prenominale possessive pronomene i dei talemåla som har mønsteret i (58)–(59).

Det er dessutan restriksjonar på kva for morfosyntaktiske trekk det possessive pronomenet i possessive predikasjonelle vokativar kan ha. Som vi alt har sett, går det heilt fint med andre person eintal. Possessive pronomene i andre person fleirtal, som i (60), er derimot ikkje særleg akseptable i norske possessive predikasjonelle vokativar. Dei fleste norsktalande vil avvise desse, sjølv om bland dei eg har spurt, var dei med nordnorsk dialekt ikkje like kategorisk avvisande som dei øvrige.

- (60) \* *De ber jo om bråk da, dykkar dustar!*

I svensk er possessive pronomene i andre person fleirtal fullt brukbare i possessive predikasjonelle vokativar, som vist i (61). Merk at i (61b) har vi både ein vokativ med *era* og ein frase med det same pronomenet i argumentposisjon.

- (61) a. *Mer får ni inte veta, era små bajskorvar!*  
 b. *Era dumma idioter, ni kan ta era jävla turbodiesel och köra upp i röven!*

Det er altså ikkje slik at konstruksjonen i seg sjølv er inkompatibel med plural, men plural er likevel ikkje fullt akseptert i norsk.<sup>12</sup>

Når det gjeld den morfologiske forma på pronomenet meir generelt, så peikar Corver (2008) på at ein finn ein heil del variasjon i vokativar som liknar den vi har i skandinavisk. I moderne standardnederlandsk har pronomenet nominativ kasus, medan det i eldre nederlandsk hadde objektsform, og dette gjeld framleis i visse nederlandske dialektar samt i afrikaans. I ein del andre nederlandske dialektar, i frisisk, og i brasiliansk portugisisk, har pronomenet derimot possessiv form, som i skandinavisk. Dette kan tyde på at den possessive forma har med den fonologiske realiseringa å gjera, og at det ikkje finst noko underliggende possessivt trekk.

### 6.2 Possessive predikasjonelle vokativar som nominale predikat

I eit forsøk på å koma fram til ei betre forståing av possessive predikasjonelle vokativar vil eg begynne med å nemne enda ein eigenskap som skil desse fra vokativar med *du*. Medan vokativar med *du* kan innehalde ein verkeleg possessor, som vist i (62), er dette heilt ugrammatisk i vokativar med possessivt pronomens – sjå (63).

- (62) a. *du min vesle luring*  
 b. *du vesle luringen min*

- (63) a. \* *din min vesle luring*  
 b. \* *din min vesle luringen min*

Dette er litt uventa, i og med at *din* i (63) ikkje er nokon eigentleg possessor. I andre tilfelle der vi har eit element med possessorliknande form, men utan possessorfunksjon, er det nemleg mogleg å legge til ein verkeleg possessor. Dette ser vi i (64), der verken *helvetes* i (64a) eller *tomåneders* i (64b) er til hinder for at vi òg kan ha ei framforstilt eller etterstilt possessor i den same frasen:

- (64) a. *denne helvetes arrogansen hans*  
 b. *deres tomåneders romanse*

Ei tenkeleg forklaring på (63) kunne vera at nominalfrasen er for liten til å romme possessorar. Den rette forklaringa er likevel, meiner eg, at komplementet til pronomenet i frasar av typen *din luring* er indefinitt, og indefinitte nominalfrasar er ikkje kompatible med possessorar i norsk eller i fastlands-skandinavisk meir generelt. Meir spesifikt vil eg hevde at *din luring* innehold den same predikasjonen som *du er ein luring*.

Skilnaden mellom nominale predikat med og utan artikkel i norsk, og i andre skandinaviske varietetar, har vori behandla av mange forskrarar – sjå til dømes Delsing (1993), Halmøy (2001) og Borthen (2003), samt referansar i desse arbeida. Eit nominalt predikat utan artikkel vil objektivt klassifisere subjektet som medlem av ein kategori, i tråd med dei artikkellause (nakne) nomena sin typereférerande funksjon (Borthen 2003). Eit nominalt predikat med artikkel er derimot karakteriserande. Halmøy (2001:11) seier det slik: “et predikativ med ubestemt artikkel gir subjektet en begrenset karakteristikk ved at visse framtredende eigenskaper forbundet med det predikative nomenet overføres subjektet”. Dette ser vi tydeleg i (65). I (65a) vil det nominale predikatet *klovn* helst klassifisere subjektet som utøvar av klovneyrkjet, medan predikatet *ein klovn* i (65b) er karakteriserande og tillegg subjektet visse eigenskapar som blir oppfatta som typiske for klovnar:

- (65) a. *Han er klovn.*  
 b. *Han er ein klovn.*

Om vi så samanliknar dei predikative konstruksjonane i (65) med vokativfrasen *din klovn*, så ser vi at denne frasen inneber ein predikasjon som er heilt parallel med den i (65b).<sup>13</sup> *Din klovn* har det same semantiske innhaldet som *du er ein klovn*, i tillegg til eit vokativt element. Det er vidare slik at substantiv som passar mindre bra som klassifiserande predikat utan artikkel, men som fint kan brukast som karakteriserande predikat med artikkel, også kan opptre i possessive predikasjonelle vokativar. Vi har eit eksempel i (66):


- (66) a. # *Du er nek.*  
 b. *Du er eit nek.*  
 c. *Ditt nek!*

Substantivet *nek* fungerer därleg som karakteriserande predikat med ein person som subjekt, men som klassifiserande predikat, med artikkel, er det ikkje uvanleg, som vi veit. Og slåande nok er det upproblematiske å bruke *nek* i ein possessiv predikasjonell vokativ. Det er med andre ord samanfall mellom uttrykk som kan brukast i nominal predikasjon med artikkel og uttrykk som kan brukast i possessiv predikasjonell vokativ.

Det ser dessutan ut til å vera eit historisk samband mellom desse to konstruksjonane. Lars-Olof Delsing (munnleg informasjon) opplyser at dei tidlegaste possessive predikasjonelle vokativane i svensk opptrer på slutten av 1400-talet, på ei tid da den ubestemte artikkelen hadde etablert seg i språket.<sup>14</sup> Nominale predikat med artikkel kom altså først, og deretter oppsto den possessive predikasjonelle vokativen. Eg vil derfor anta at possessive predikasjonelle vokativar inneheld ein karakteriserande predikasjon, med artikkel, også syntaktisk. Kvifor artikkelen gir predikatet ein karakterisering funksjon, er eit interessant spørsmål som ikkje skal besvarast her, men svaret vil i alle høve forklare både klassifiserande predikat og possessive predikasjonelle vokativar.

Den syntaktiske strukturen eg vil foreslå for possessive predikasjonelle vokativar er vist i (67). Her har det vokative hovudet ein predikasjonsstruktur som komplement. Kjernen i denne predikasjonsstrukturen er det predikative hovudet Pred (sjå Eide & Åfarli (1999), som argumenterer for at eit slikt er til stades i alle predikasjonelle relasjonar). Som subjekt tar Pred eit pronom, som må ha eit adressattrekk for å vera kompatibelt med Voc – det vil seia eit andrepersonstrekk. Som komplement tar Pred ein nominalfrase der det øvste hovudet er eit indefinitt element, som i vanlege argumentelle eller predikative nominalfrasar ville bli realisert som ein ubestemt artikkel.

(67)



Det er viktig å merke seg her at ein nominalfrase med ein ubestemt artikkel som det øvste hovudet kan vera mindre enn ein DP. Det har vore føreslått blant anna av Lyons (1999) for engelsk, og av Julien (2005:21) for skandinavisk, at den ubestemte artikkelen representerer eit hovud nedafor D, eit hovud som òg er assosiert med rekneord og andre ubestemte kvantorer. I dei tilfella der den ubestemte artikkelen opptrer i D, må det da ha skjedd ei flytting. I possessive predikasjonelle vokativar inneheld komplementet til Pred ingen D-projeksjon, og det skjer inga slik flytting.

Når det kjem til den fonologiske realiseringa av elementa i denne vokativfrasen, så vil alle adjektiv i predikatet få svak form på grunn av det deiktiske trekket i det vokative hovudet, som vi såg i avsnitt 5. Det indefinitte elementet kan ikkje realiserast som ein ubestemt artikkel, for det ville komma i konflikt med det deiktiske trekket i det vokative hovudet. Det som skjer i staden, er at heile sekvensen beståande av pronomenet, Pred-hovudet og det indefinitte elementet blir realisert med den same forma som vi elles har i possessive pronomene. Her er Pred-hovudet truleg det elementet som bidrar minst til forma. Vi veit frå andre konstruksjonar at eit Pred-hovud kan vera fonologisk tomt, som i (68) (henta frå Eide & Åfarli (1999:164)).

- (68) a. *Han ankom selskapet maskert.*
- b. *Han ankom selskapet [PredP PRO Pred maskert]*

Som eg ser det, er altså den fonologiske forma på pronomenet i possessive predikasjonelle vokativar ein konsekvens av at eit pronomene med referanse til andre person blir realisert saman med eit indefinitt element. Det indefinitte elementet kongruerer i numerus og genus med substantivet i nP, og når dette elementet skal realiserast saman med eit pronomene, er dei possessive pronomena *din* eller *ditt* meir passande enn andre element i leksikonet.<sup>15, 16</sup>

Det er vidare mogleg at grunnen til andre person fleirtal fungerer därleg i possessive predikasjonelle vokativar på norsk, er at det possessive pronomenet for andre person fleirtal ikkje kongruerer med det substantivet det står til. Dette gjeld i dei fleste norske talemål – verken *deres*, *dykkar* eller *dokkers* oppviser kongruens. Dermed er dette pronomenet därleg eigna som fonologisk realisering av sekvensen bestående av pronomene, predikasjonelt hovud og indefinitt element, og subjektsforma av pronomenet blir vald i staden: *dokker håplause idiotar!* I svensk har derimot det possessive pro-

nomenet for andre person fleirtal samsvarsbøyning: *er*, *ert*, *era*, og dette er dermed fullt brukbart i possessive predikasjonelle vokativar.<sup>17</sup>

For norsk, og for skandinavisk generelt, kan den analysen eg har foreslått her, altså for det første forklare så vel forma på adjektivet som forma på pronomenet i possessive predikasjonelle vokativar, og for det andre kan den forklare den predikative tolkinga som heile frasen får. Den positive eller negative tolkinga kjem av at det nominale leddet representerer ein eller fleire karakteristiske eigenskapar. Dermed er *din lingvist* ikkje ei utsegn om yrke, men ein påstand om at adressaten har visse eigenskapar som ein ser som typiske for lingvistar. Nominalfraser som vanskeleg kan representera slike karakteristiske eigenskapar, passar därleg i denne konstruksjonen.<sup>18</sup>

### 6.3 Samanlikning med Corver (2008)

Corver (2008) er alt nemnd. Eg vil nå gå litt nærmare inn på Corver sin analyse, ettersom den for det første er den einaste strukturelle analysen av skandinaviske possessive predikasjonelle vokativar som er lagt fram tidlegare, og for det andre skil seg ein del frå den eg har foreslått.

Corver meiner at det possessive pronomenet eigentleg er eit predikat i slike frasar, og at substantivet er subjektet for dette predikatet. Det har altså skjedd det han kallar ein predikatsinversjon, som her vil seia at pronomenet har flytta frå ein posisjon etter substantivet til ein posisjon føre substantivet. Til støtte for denne analysen viser han til at tilsvarande flyttingar internt i nominalfrasen har vorte føreslått for ordinære possessorar, blant anna av den Dikken (1998). Vidare trekker han fram flamsk, som har eit element kalla spuriøs ubestemt artikkkel. Den spuriøse ubestemte artikkelen opptrer i evaluative vokativar, som i (69), eit eksempel frå Aarschot i Brabant (Corver 2008:63), og i ordinære possessive konstruksjonar, som det vestflamske eksemplet i (70) (Corver (2008:65). Vi ser at i desse tilfella har den spuriøse ubestemte artikkelen forma *se*. Pronomenet *doe* i (70) er ei eldre subjektsform for andre person eintal.

- (69) *O doe se vuil kinderen!*  
 å de SE slemme ungar  
 ‘De slemme ungar!’

- (70) *Valère se boek*  
 Valère SE book  
 ‘Valère si bok’

Corver (2008) analyserer den spuriøse ubestemte artikkelen som ein nominal kopula, og seier at den i tillegg indikerer at vi har med predikatsinversjon å gjera. Han antar vidare at endinga på pronomenet i skandinaviske possessive predikasjonelle vokativar òg er ein spuriøs ubestemt artikkel, og at vi dermed også her har predikatsinversjon. Meir spesifikt foreslår Corver at på eit tidleg trinn av derivasjonen av frasar som *din fjott* er substantivet *fjott* subjekt i ei DP-intern småsetning. Predikatet i småsetninga er ein PP beståande av ein fonetisk tom P og eit andrepersonspronomen. Den underliggende tydinga til uttrykket *din fjott* må dermed vera noko som kan uttrykkast som “eigenskapen å vera ein fjott er din”. Strukturen er vist i (71a), der hovudet i småsetninga er angitt som X.

- (71) a. [DP D [XP.*fjott* X [PP P Pron ]]]  
      b. [DP [PP P *di*] X+D [XP.*fjott* X [PP P Pron ]]]

Preposisjonsfrasen flyttar så til en posisjon ovafor D, medan hovudet X flyttar til D (sjå Corver 2008:83). Dette er skissert i (71b). Hovudet X blir realisert som ein ubestemt artikkel, og saman med andrepersonspronomenet, representert som *di* i (71b), gir dette former som er identiske med possessive pronomene. Med dette kan Corver forklare at den possessive forma opptrer utan at pronomenet har possessiv funksjon.

I Corver sin analyse, som i min, blir altså det possessive pronomenet i den possessive predikasjonelle vokativen sett som ein kombinasjon av eit pronominelt element med andrepersonstrekk og ein (spuriøs) ubestemt artikkel. Corver antar at desse to elementa endar opp saman ved at artikkelen flyttar til pronomenet – som vi ser i (71b), ville elles substantivet stå mellom dei. Eg postulerer i staden at det possessive pronomenet realiserer ein sekvens av syntaktiske element utan at det skjer noka flytting. Den viktigaste skilnaden mellom dei to analysane er likevel oppfatninga av den underliggende konfigurasjonen: Er det pronomenet eller substantivet som er subjekt i den underliggende predikasjonskonstruksjonen? Som eg ser det, peikar semantikken i retning av at pronomenet er subjekt og substantivet predikat gjennom heile derivasjonen. Ein slik analyse fangar opp likskapen mellom possessive predikasjonelle vokativar på den eine sida og nominale predikat med artikkel på den andre.

Vi kan nå legge merke til at (70) er den same konstruksjonen som den norske garpegenitiven. Corver (2008) meiner at også desse verkeleg possessive konstruksjonane inneber predikatsinversjon. Eg la derimot fram ein

annan analyse av garpegenitiv og andre skandinaviske possessive konstruksjonar i Julien (2005). Eg argumenterte for at possessoren i alle tilfelle kjem inn i den syntaktiske strukturen som spesifiseraren til substantivet i N. I dei tilfella der possessoren likevel hamnar i postnominal posisjon, er det substantivet som har flytta fram. For garpegenitiven føreslo eg at possessoren flyttar til Spec-DP, via spesifiserarposisjonen til eit possessorrelatert hovud Poss som sit like under D, og at det refleksive pronomenet er realiseringa av Poss, som skissert i (72).

- (72) [DP *Kari* D [PossP *Kari* [Poss *si*] [nP *bok* [NP *Kari* [N **bek**]]]]]

Den same strukturen finn vi for øvrig i konstruksjonar med possessiv -s. Av omsyn til plassen vil eg ikkje gå meir inn på detaljane her, men viser til Julien (2005).

Om vi nå samanliknar min analyse av garpegenitiven med det som Corver seier om dei konstruksjonane som er eksemplifiserte i (69) og (70), så ser vi at eg er einig med Corver i at det har skjedd ei flytting av possessoren i (70). Eg er derimot ikkje einig i at possessoren har starta frå ein postnominal posisjon, og eg er altså ikkje med på at det har skjedd nokon predikatsinversjon her. Eg ser dermed heller ingen grunn til å anta dette når det gjeld possessive predikasjonelle vokativar.

## 7 Bestemtheit i vokativar

I avsnittet om vokativar av typane *unge dame* og *store jente*, avsnitt 5, hevda eg at det vokative hovudet har eit deiktisk trekk, og at det er dette trekket som gir den svake forma på adjektivet. Om det nå er slik at vokativen er deiktisk, og deiksis er i slekt med bestemtheit, så skulle vi kanskje vente at alle vokativfrasar skulle vera markerte for bestemtheit. Dette skal vi nå sjå nærmare på.

Først må vi likevel gjera greie for kva bestemtheit inneber. Den semantiske bestemtheita som er knytt til vanlege refererande frasar som *huset* og *det store huset*, er det vanleg å sjå som ein kombinasjon av spesifikk og unik referanse (sjå t.d. Enç 1991, Abbott 1999). Lyons (1999) peikar likevel på at *inklusivitet* er meir relevant enn unik referanse, ettersom berre teljelege substantiv i eintal kan ha unik referanse, medan inklusivitet, som han definerer som referanse til totaliteten av dei objekta eller den massen i den ak-

tuelle konteksten som svarar til beskrivinga, like lett kan appliserast på massubstantiv og på substantiv i fleirtal (Lyons 1999:11).

I Julien (2005) la eg fram det forslaget at i norsk er dei to ingrediensane som inngår i bestemtheit, innkoda i ulike syntaktiske element, med inklusivitet i D og spesifisitet i n. I dobbelt bestemte frasar, som *det store huset*, representerer altså den framforstilte determinanten og den etterhengde markøren kvar sitt semantiske aspekt av bestemtheita, medan i enkelt bestemte frasar, som *huset*, må den etterhengde markøren representerere begge, for eksempel ved at den er ei direkte realisering av n, samtidig som heile ordet er lokalisert i spesifiserarposisjonen til D, slik at det definitive D-hovudet òg blir identifisert. Denne todelinga av bestemtheit i norsk har seinare fått støtte frå andre, som Anderssen (2005).

I vokativar har vi, etter det som er sagt ovafor, eit tredje trekk som òg inneber bestemtheit, nemleg det deiktiske trekket i det vokative hovudet. Det betyr at i ein struktur som den i (73) er det tre hovud som kan ha eit bestemtheitstrekk: n, D og Voc.

- (73) [<sub>VocP</sub> Voc [<sub>DP</sub> [<sub>D</sub> *du*] [<sub>nP</sub> *dama*]]]]

Talet på synlege markeringar av bestemtheit i vokativfrasen kan likevel variere. Vi har allereie sett at adjektiv må ha bestemt form når dei opptrer i vokativar, som i *unge dame*. Det kan vidare hevdast at adjektivet har bestemt form i *kjære vener*. Eg vil dessutan meine at adjektivet er bestemt i *helvetes idiotar*, sjølv om *helvetes* er ubøyelag reint morfologisk. Vi har bestemt form av så vel adjektivet som substantivet i *store jenta*, medan i possessive predikasjonelle vokativar, som *din dust*, har pronomenet eit ibuande bestemtheitstrekk.

Når det gjeld personnamn, så kan det argumenterast for at desse òg har ibuande bestemtheit, sjølv i dialektar der dei må stå saman med ein proprieiell artikkel når dei skal vera referensielle. Bestemtheita viser seg blant anna i det at personnamn ikkje kan opptre i presenteringskonstruksjonar, som vist i (74), der *Lisa* gir same ugrammatiske resultat som den bestemte forma *jenta*.

- (74) a. *Det kom ei jente på døra.*  
 b. \* *Det kom jenta på døra.*  
 c. \* *Det kom Lisa på døra.*

Visse andre ord, særleg slektskapstermar, kan også få status som eigen-namn, som for eksempel *bestemor*.

Interessant nok finst det tilfelle der det ser ut til at bestemt form heng saman med vokativ bruk, som i følgjande eksempel frå Delsing (1993:39):

- (75) a. *Polis!*
- b. *Polisen!*

Delsing meiner at begge desse formane er vokativar, men at berre den siste, med bestemt artikkel, er spesifikk. Eg meiner i staden at *Polis!* ikkje er ei vokativ form, men eit utrop som kan samanliknast med *Hjelp!* Det er ikkje retta til nokon spesielt, men er noko ein skrik ut i håp om at nokon skal reagere. *Polisen!* er derimot eit vokativt uttrykk, retta til ein person i nærleiken. Den vokative funksjonen krev altså bestemt form her, og det er lett å tenke seg at dette heng saman med det deiktiske trekket i det vokative hovudet.

Det er nå freistande å tenke seg at vokative uttrykk i norsk og skandinavisk elles helst skal ha bestemtheit eller på anna vis reflektere det deiktiske trekket i Voc-hovudet. Visse ordformer er leksikalsk spesifiserte som vokativar, og vil dermed alltid reflektere det deiktiske trekket i Voc, øg utan at dette er morfologisk markert. Ei slik ordform i norsk er *folkens* (sjå Hegge (2004), som opphavleg er ei lågtysk pluralform av *volk* 'folk'.<sup>19</sup> Vi har eit eksempel på det vokative *folkens* i (76a), og i (76b) ser vi at *folkens* ikkje fungerer i argumentposisjon:

- (76) a. *Nei, folkens, kva er eigentleg vitsen med forsking?*
- b. \* *Folkens held på og forskar, ser eg.*

Ei anna norsk ordform som helst har vokativ funksjon er *godtfolk*, men så mange fleire ordformer med tilsvarende eigenskapar har vi ikkje.

Ord som ikkje er leksikalsk spesifiserte som vokativar, står ofte med eit adjektiv, som *kjære vener*, *vyrde forsamling*, eller med eit possessivt pronomen, som *mine damer og herrar*. Alle desse elementa uttrykker bestemtheit. Kor sterk tendensen er til at det blir betre med desse bestemte elementa enn utan, det kan nok diskuterast, men eg undrar likevel om det ikkje er slik at vokativar som *vener!* *forsamling!* *studentar!* *kundar!* verkar litt for nakne, og at grunnen til dette ikkje berre har med høfleghet å gjera, men øg med fråveret av synleg bestemtheit.

Det kan altså sjå ut til at norske vokativar helst skal ha uttrykt bestemtheit, med mindre dei er leksikalsk spesifiserte som vokativar og dermed har eit ibuande deiktisk trekk. Det er nærliggande her å tenke på uttrykk som *kjekken* og *søta*, som er litt spesielle i norsk i og med at dei er laga av adjektiv som har fått ein bestemt artikkel som ending. Og det er slåande at dei helst blir brukte som vokativar. Forma kan altså vera eit utslag av ein preferanse for å ha uttrykt bestemtheit i vokativar.

Når eit tiltaleord som *kameratar* fint kan brukast utan adjektiv eller posessor føre, må det da bety at samtidig som dette ordet framleis er eit vanleg substantiv som kan brukast referensielt, så kan det òg ha eit vokativt trekk og dermed fungere som ekte vokativ utan støtte av andre element.

## 8 Samandrag

Denne artikkelen handlar om norske vokativfrasar, ein hittil lite utforska frasetype. Vokativfrasar blir her analysert som nominalfrasar utauka med eit vokativt syntaktisk hovud. Dette hovudet har eit deiktisk trekk som peikar på adressaten, og alle elementa i den nominalfrasen som er komplementet til det vokative hovudet, må vera foreinlege med dette trekket. Dette inneber blant anna at adjektiv i vokativfrasen får bestemt form.

Vokativane kan ha identifiserande eller predikativ funksjon, eller markere ulike vendingar i ein samtale. Dei kan vera frittståande frasar, eller vera knytte til ei setning, der dei kan stå medialt eller finalt, eller i venstreperiferien, i ein øyremerkt posisjon etter eksklamativ og hengande tema men føre venstreutflytta tema.

Ein spesiell vokativtype i norsk, og i skandinavisk for øvrig, er den eg kallar possessiv predikasjonell vokativ. I slike vokativar, som for eksempel *din fjott*, finn vi eit element som har form av eit possessivt pronomen, men som ikkje får possessiv tolking. Eg meiner at desse vokativane inneheld ein predikasjonsstruktur som tilsvrar ein der predikatet er ein nominalfrase med ubestemt artikkel, som i *Du er ein fjott*. Den fonologiske forma på pronomenet er ein konsekvens av at eit pronomen med referanse til andre person blir realisert saman med eit indefinitt element.

Det kan vidare sjå ut til at det er ein tendens i norsk til at det deiktiske trekket helst skal reflekterast i morfologien til vokativfrasen. Ord som er leksikalsk spesifiserte som vokativar, vil alltid realisere dette trekket, medan i vokativar utan slike ord, vil det deiktiske trekket ofte vise seg som bestemtheit.

## Noter

1. Takk til kollegaer i Lund og Oslo, som med sine kommentarar og spørsmål har hjelpt meg å klargjera mange av dei punkta eg tar opp i denne artikkelen, og til ein anonym fagfelle som kom med gode påpeikingar og endringsforslag.
2. I moderne gresk har visse maskuline substantiv ei særskild vokativform (sjå t.d. Holton, Mackridge & Philippaki-Warburton 2004).
3. Her og mange stader i dei følgjande avsnitta gir eg norske eksemplar som tilsvavar svenske i Teleman, Hellberg & Andersson (1999).
4. Zwicky (1974), i ein mykje sitert artikkel om vokativ, opererer med den same inndelinga som Schegloff (1968), men han bruker andre termar: *calls* og *addresses*.
5. Lambrecht (1996) seier at vokativ og hengande tema ikkje er kompatible i fransk. Dette ser altså ikkje ut til å stemme for norsk, og heller ikkje for svensk – Teleman, Hellberg & Andersson (1999, band 4:800) nemner at vokativfrasar kan stå etter initiale annekss, som er deira term for hengande tema.
6. Her er postuleringa av Speech Act-projeksjonen inspirert av Speas & Tenny (2003) og Speas (2004).
7. Eit tilsvarande forslag, utarbeidt på grunnlag av andre typar av data, er å finna i Sigurðsson (2011). Der blir det talarrelaterte elementet kalla  $\Lambda_A$  og det adressatrelaterte elementet  $\Lambda_P$ .
8. Eit forslag som liknar dette, er tidlegare lagt fram av Hill (2007). Hill konkluderer, på grunnlag av blant anna rumensk, at ein vokativfrase kan innehalde ein full DP, og at denne DPen er komplement i ein projeksjon som ho kallar RoleP. Klitiske vokativpartiklar analyserer ho som realiseringar av hovudet Role, medan ikkje-klitiske vokativpartiklar er spesifiserarar for Role. Role svarar altså til det Espinal (2011) kallar Voc.
9. På dette punktet har eg hatt nytte av diskusjon med Dorian Roehrs. Sjå Roehrs & Julien (2014).
10. Halmøy (2010:221 ff.) kallar konstruksjonen eksemplifisert i *store jenta for den emotive adjektivkonstruksjonen* (the Emotive Adjectival Construction). Ho seier vidare at konstruksjonen helst blir brukt eksklamativt eller som frittståande kommentar – altså som det eg ville kalle predikativ vokativ – men noterer òg at ein del talarar, og da helst yngre, nå kan bruke frasar av denne forma som predikativ og som argument, òg utan dei referensielle restriksjonane som vart nemnde ovanfor.
11. Islandsk bruker i staden etterstilt possessivt pronomen, som i *asninn þinn* (Halldór Sigurðsson, personleg informasjon).
12. Vi kan notere at ein tilsvarande konstruksjon med eit possessivt pronomen i første person eintal òg er mogleg. Slike uttrykk finn vi helst i apposisjon til eit ikkje-possessivt pronomen, som i (i). Uttrykket er ingen eigentleg vokativ, ettersom det ikkje refererer til adressaten, men det evaluative innhaldet og samanfallet i referanse mellom det possessive pronomenet og hovudordet er likevel til stades.
  - (i) a. *Jeg, min idiot, har hatt landstrøm tilkoplet båten i hele vinter.*
  - b. *Da begynte jeg, min dust, å rote inne i nøkkelringssystemet.*
13. Tegnér (1962:91–92) er inne på det same når han seier at predikatet i “det okvädande possessivet”, som han kallar konstruksjonen, er eit abstrakt eigenskapsrefererande substantiv.
14. Tidlegare vart nominativforma *du* brukt i tilsvarande vokativar.
15. Det forholdet mellom underliggende syntaks og fonologisk realisering som eg postulerer her, er i slekt med den nanosyntaktiske tilnærminga – sjå t.d. Starke (2009).
16. Vi kan notere at ein tilsvarande konstruksjon med eit possessivt pronomen i første

person eintal òg er mogleg. Slike uttrykk finn vi helst i apposisjon til eit ikkje-possessivt pronomenn, som i (i).

- (i) a. *Jeg, min idiot, har hatt landstrøm tilkoplet båten i hele vinter.*  
b. *Da begynte jeg, min dust, å rote inne i nøkkelringssystemet.*

Uttrykka med første persons pronomenn er ikkje vokativar, ettersom dei ikkje refererer til adressaten, men samanfallet i referanse mellom det possessive pronomennet og hovudordet, samt det predikasjonelle innhaldet, er likevel til stades. Svartengren (1911) seier det slik: "Ett uttryck med resp. *du, ni, jag* identifierar, under det att ett dyligt med resp. *din, er, min* beskriver". Eg antar at konstruksjonar med første persons pronomenn involverer den same prediktive strukturen som i (67), og at det berre er Voc-hovudet dei manglar. Dei har ikkje noko D-hovud, og kan derfor ikkje brukast som argument.

17. Eit problem for denne forklaringa, som den anonyme fagfellen peikar på, er det faktum at det i norske dialektar som har kongruensbøyning av det possessive pronomennet for andre person fleirtal, ikkje nødvendigvis går særleg bra å bruke dette i possessive predikasjonelle vokativar. Eg kan ta som eksempel min eigen dialekt, frå Solør, der pronomennet har formene *dør – dørt – døre*. Det er likevel ein viss kontrast mellom (ia), med eintalspronomenn, og (ib), med fleirtalspronomenn.
- (i) a. *Din idiot!*  
b. *?Døre idioter!*

Om det er sjølv grammatikken som gjer (ib) dårligare enn (ia), da stemmer ikkje mi forklaring, men ein kunne òg tenke seg her at det er påverknad utanfrå og svak støtte i bruk som gjer (ib) markert.

18. Kravet om at det nominale ledet skal representera ein karakteristisk eigenskap, forklarar òg kvifor adjektiv i possessive predikasjonelle vokativar ikkje kan graderast. Sjå først på (i), der eg visar at i vanleg attributiv bruk kan *idiotisk*, som i seg sjølv uttrykker ein ekstrem grad, graderast med maksimerarar som *heilt* og *totalt*, medan det fullt graderbare *dum* kan kombinerast med graderande uttrykk som *litt*, *nokså* og *veldig*.

- (i) a. *ein \*litt/\*nokså/\*veldig/ok heilt/ok totalt idiotisk nisse*  
b. *ein or/litt/ok nokså/ok veldig/\*heilt/\*totalt dum nisse*

I (ii) ser vi at *idiotisk* kan graderast av *totalt* også i possessive predikasjonelle vokativar, medan *dum* berre kan graderast av forsterkande uttrykk som *veldig*, ikkje av forminskande uttrykk som *litt* eller *nokså*. Den karakteristiske eigenskapen er ikkje like karakteristisk om den er til stades i låg grad, og dermed er ikkje dei forminskande uttrykka foreinlege med konstruksjonen.

- (ii) a. *din idiotiske nisse*  
b. *din totalt idiotiske nisse*  
c. *din dumme nisse*  
d. *??din \*litt/\*nokså/veldig dumme nisse*

19. Nynorskordboka angir berre at *folkens* blir brukt i tiltale. Bokmålsordboka seier at ordet blir brukt "i tiltale til venner, bekjente", medan Den Danske Ordbog er meir utfyllande og seier at *folkens* "bruges som jovial tiltaleform til en gruppe mennesker, fx i forbindelse med opfordringer".

## Referansar

- Abbott, Barbara 1999: Support for a Unique theory of Definiteness. Matthews, Tanya & Devon Strolovitch (red.): *Proceedings from SALT IX*. Ithaca, NY: Cornell University, 1–15.
- Ambrazas, Vytautas m.fl. 1997: *Lithuanian grammar*. Vilnius: Baltos Lankos.
- Andersen, Henning 2012: The New Russian Vocative. Synchrony, Diachrony, Typology. *Scando-Slavica* 58:1, 122–167.
- Anderssen, Merete 2005: The Acquisition of Compositional Definiteness in Norwegian. Doktoravhandling, Universitetet i Tromsø.
- Borthen, Kaia 2003: Norwegian Bare Singulars. Doktoravhandling, NTNU.
- Busse, Beatrix 2006: *Vocative Constructions in the Language of Shakespeare*. Amsterdam: John Benjamins.
- Corver, Norbert 2008: Uniformity and Diversity in the Syntax of Evaluative Vocatives. *The Journal of Comparative Germanic Linguistics* 11, 43–93.
- Dahl, Östen 2010: Grammaticalization in the North. Noun Phrase Morphosyntax in Scandinavian vernaculars. *Rappling 2*, Institutionen för lingvistik, Stockholms universitet.
- Daniel, Michael & Andrew Spencer 2008: The Vocative: An Outlier Case. Malchukov, Andrej & Andrew Spencer (red.): *The Oxford Handbook of Case*. Oxford: Oxford University Press, 626–634.
- Delsing, Lars-Olof 1993: The Internal Structure of Noun Phrases in the Scandinavian Languages. A Comparative Study. Doktoravhandling, Lunds universitet.
- den Dikken, Marcel 1998: Predicate Inversion in DP. Alexiadou, Artemis & Chris Wilder (red.): *Possessors, Predicates and Movement in the Determiner Phrase*. Amsterdam: John Benjamins, 177–214.
- Eide, Kristin Melum 2011: Norwegian (non-V2) Declaratives, Resumptive Elements, and the Wackernagel Position. *Nordic Journal of Linguistics* 34, 179–213.
- Eide, Kristin Melum & Tor A. Åfarli 1999: The Syntactic Disguises of the Predication Operator. *Studia Linguistica* 53, 155–181.
- Enç, Mürvet 1991: The Semantics of Specificity. *Linguistic Inquiry* 22, 1–25.
- Espinal, M. Teresa 2011: *On the Structure of Vocatives*. Ms., Universitat Autònoma de Barcelona.

- Faarlund, Jan Terje 1980: *Norsk syntaks i funksjonelt perspektiv. Ny revidert utgåve*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie & Kjell Ivar Vannebo 1997: *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Halmøy, Madeleine 2001: En fra eller til. Bestemmelse av nominale predikat i norsk. Hovudoppgåve, INLT, NTNU.
- Halmøy, Madeleine 2010: The Norwegian Nominal System. A Neo-Saussurean Perspective. Doktoravhandling, Universitetet i Tromsø.
- Hegge, Per Egil 2004: Helt unnyttig. *Aftenposten*, 01.10.2004.  
[\(<http://tux.aftenposten.no/spraak/spraak?action=question&id=1279>\)](http://tux.aftenposten.no/spraak/spraak?action=question&id=1279)
- Hill, Virginia 2007: Vocatives and the Pragmatics–Syntax Interface. *Lingua* 117, 2077–2105.
- Holton, David, Peter Mackridge & Irene Philippaki-Warburton 2004: *Greek: An Essential Grammar of the Modern Language*. London: Routledge.
- Julien, Marit 2005. *Nominal Phrases from a Scandinavian Perspective*. Amsterdam: John Benjamins.
- Lambrecht, Knud 1996: On the Formal and Functional Relationship between Topics and Vocatives. Evidence from French. Goldberg, Adele (red.): *Conceptual Structure, Discourse and Language*. Stanford, CA: CSLI Publications, 267–288.
- Lehmann, Winfred P. 1958: On Earlier Stages of the Indo-European Nominal Inflection. *Language* 34:2, 179–202.
- Lohrmann, Susanne 2011: A Unified Structure for Scandinavian DPs. Sleeman, Petra & Harry Perridon (red.): *The Noun Phrase in Romance and Germanic. Structure, Variation, and Change*. Amsterdam: John Benjamins, 111–125.
- Lundeby, Einar 1981: Syntagmetypen “yngste sønnen”, “svarte natta”. *Maal og Minne* 1981, 61–71.
- Lyons, Christopher 1999: *Definiteness*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Mauck, Simon & Raffaella Zanuttini 2005: The Subjects of English Imperatives. *Georgetown University Working Papers in Theoretical Linguistics* 5, 53–85.
- Moro, Andrea 2003: Notes on Vocative Case. A Case Study in Clause Structure. Schrotten, Jan, Petra Sleeman & Els Verheugden (red.): *Romance Languages and Linguistic Theory 2001*. Amsterdam: John Benjamins, 251–265.

- Osenova, Petya N. & Kiril Iv. Sinov 2003: Bulgarian Vocative in HPSG. Kim, Jong-Bok & Stephen Wechsler (red.): *Proceedings of the 9th International Conference on Head-Driven Phrase Structure Grammar*. CSLI, Stanford, CA: CSLI, 233–244.
- Portner, Paul 2004: *Vocatives, Topics, and Imperatives*. Handout frå IMS Workshop on Information Structure.  
<http://www9.georgetown.edu/faculty/portnerp/PublicationsTalks.htm>
- Roehrs, Dorian & Marit Julien 2014: Adjectives in German and Norwegian: Differences in weak and strong inflections. Sleeman, Petra, Freek Van de Velde & Harry Peridon (red.): *Adjectives in Germanic and Romance*. Amsterdam: John Benjamins, 245–261.
- Schaden, Gerhard, 2010. Vocatives: A Note on Addressee-Management. *University of Pennsylvania Working Papers in Linguistics* 16:1, 176–185.
- Schegloff, Emanuel A. 1968: Sequencing in Conversational Openings. *American Anthropologist* 70, 1075–1095.
- Sigurðsson, Halldór Ármann 2011: Conditions on Argument Drop. *Linguistic Inquiry* 42, 267–304.
- Speas, Peggy 2004: Evidentiality, Logophoricity and the Syntactic Representation of Pragmatic Features. *Lingua* 144:3, 255–276.
- Speas, Peggy & Carol Tenny 2003: Configurational Properties of Point of View Roles. Di Sciullo, Anna Maria (red.): *Asymmetry in Grammar*. Amsterdam: John Benjamins, 315–344.
- Starke, Michal 2009: Nanosyntax. A Short Primer to a New Approach to Language. *Nordlyd* 36:1, 1–6.
- Svartengren, T. Hilding 1911: Du lilla skälmgubbe, din lilla skälm. *Språk och Stil* 1911, 72–75.
- Tegnér, Esaias 1962 [1892]: *Om genus i svenska*. Stockholm: Nike-Tryck.
- Teleman, Ulf, Staffan Hellberg & Erik Andersson 1999: *Svenska Akademiens grammatik*. Stockholm: Svenska Akademien.
- Vangsnes, Øystein Alexander 1999: The Identification of Functional Architecture. Doktoravhandling, Universitetet i Bergen.
- Yadroff, Michael 1996: Modern Russian Vocatives. A Case of Subtractive morphology. *Journal of Slavic Linguistics* 4, 133–153.
- Zwickly, Arnold 1974: Hey, what'syourname! *Papers from the 10th Regional Meeting of the Chicago Linguistic Society*, 787–801.

### **English summary**

This paper deals with Norwegian vocative phrases, which I define as (nominal) phrases that refer to the addressee of an utterance without being a syntactic argument of the utterance. As others have also observed, vocative phrases can have a number of different functions – they can be identificational, predicational or signal moves in a conversation. Further, they can be structurally independent or integrated in a clause, in which case one possibility is that they occupy a designated position in the left periphery.

As for their internal syntax, Norwegian vocative phrases are normally built on a noun or a pronoun. The form of the phrase varies a great deal in other respects, but the variation range is nevertheless restricted by the presence of the vocative head, which is the highest head of the vocative phrase. This head has a deictic second person feature, and other features in the vocative phrase must be compatible with it. As a consequence, adjectives in the vocative phrase must appear in their definite form, as seen in vocatives like *unge dame* ‘young.DEF lady’.

Another rather peculiar vocative type found in Norwegian, and in other Scandinavian varieties, is the possessive predicational vocative, exemplified by *din idiot*, literally ‘your idiot’. On my analysis, these vocatives are underlyingly predicational structures, consisting of a pronominal subject and a nominal predicate with an indefinite article.

*Marit Julien*

Språk- och litteraturcentrum

Lunds universitet

Box 188

SE-221 00 Lund

[Marit.Julien@nordlund.lu.se](mailto:Marit.Julien@nordlund.lu.se)